

Til

Lindås kommune

**Merknader til Lerøy Vest sin søknad om utviding av anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 13653 Bjørsvik frå grunneigarar til Husdal.**

Me har ikkje noko imot oppdrett av settefisk i Bjørsvik. Det tykkjer me er positivt for bygda. Men vasshøgda i Husdalsvatnet er i store delar av året langt over avtalt maks høgd, kross i berg på vestsida av demning. Den høge vasstanden og oppdemming over avtalt nivå, skuldast i vesentleg grad at reguleringsluka i demninga er støypt igjen. Dette er gjort av N.P. utan samtykkje frå grunneigarane, noko me ser på som eit klart avtalebrot.

*Negative konsekvensar pga vassmende over makshøgd:*

- Garden Husdal er heilt avhengig av Husdalsvatnet for transport av tømmer og ved. Opplagsplassar, gamle stiar langs vatnet, lagringsplassar og gamle slåtteteigar vert overfløymde og øydelagd.
- Kulturminne:  
Grunnmurane til Husdalsnausta, som i gammaltid var både naust og høyløe er eit vakkert murverk i naturstein. Dei har stått uskadd i fleire hundre år, men er no i ferd med å verta øydelagd av isen pga av den for høge vasstanden.  
I kontrakt av 4. sept. 1888skulle Husdal få kr. 120,- for flytting av nausta. Nausta vart ikkje flytta, men nytta til lagring av høy i andre høgda, som var høgt over vasstand. Pengane vart nytta til nydyrkning av Myra.

Krav frå grunneigarane:

- Regulering av vassnivået i Husdalsvatnet i tråd med gjeldande avtale inntil eventuell ny avtale føreligg.
- Opning av luke i demning for uttapping og regulering av vassnivået i høve til avtalen.
- Økonomisk kompensasjon for at gjeldande avtale ikkje er fulgt.
- Gjennomgang og re -forhandling av gjeldande avtale med utgangspunkt i dagens situasjon og N.P. sin utvida bruk av vassressursane.

Med helsing

Gaute Husdal

Grunneigar til gnr. 230 bnr 1 og 2

Turid Husdal Haugsvær

Grunneigar til gnr. 230 bnr. 1 og 2

